

Innspel frå SU til Time kommune ang arbeid med ny skulebruksplan:

1. Kapasitet og analyse av grunnskulen:

Den beste investeringa er skule. SU syns det er vanskeleg å vera konkrete i denne saka fordi det er veldig betent det som skjer på Hognestad. Skulen seier at dei har behov for handlingsrom når det gjeld ressursar og slik opplever ein det ikkje no.

SU stiller spørsmål til kor mykje det vil utgjera i kroner og øre dersom Hognestad skal leggst ned. SU fryktar at det kommunen sparar på å leggja ned, ikkje går direkte til skule.

2. Krinsgrenser:

Føresette og personalet på skulen ønsker faste krinsgrenser, ikkje fritt skuleval. Føresette kjem med eksempel på at foreldra allereie i 2.-3 klasse byrjar å kartlegga og snakka om kva skule elevane skal velja når dei skal på u-skulen. Det er mykje drama rundt dette blandt nokre føresette på skulane. SU undrar seg over kven som bestemmer dette, er det foreldra eller elevane sjølv, og dersom det er elevane, skal dei ta eit så stort valg?

Elevane i SU ved Bryne ungdomsskule ønsker at det skal vera fritt skuleval, men at dersom du søker deg i ein annan skule, må du gå der i 3 år. Det skal ikkje gå an å bytta tilbake igjen.

3. Bokmål/Nynorsk

SU ved Bryne ungdomsskule meiner at det er heilt greit at elevane kanskje ikkje får gå på nærskulen sin dersom dei vel bokmål. SU er oppteken av at ressursane vert brukt på best mulig måte.

Elsa D Jerstad, referent